

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-223	19/762

Saknr	Utval	Type	Dato
024/2019	Kraftfondsstyret	PS	16.12.2019

Søknad om støtte gjennom kraftfondet til Gamlebanken Manum & Bakken

Vedlegg:

Journalposttittel
Kraftfondet

Dato
04.11.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gamlebanken Manum & Bakken får ikkje tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte prosjekt

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vert søkt om støtte gjennom kraftfondet med kr. 40.000 av ein totalkostnad på kr. 65.000,-.

Høyring/Uttale

Søker Jon Torstein Bakken stilte og presenterte søknaden om støtte til å bygge opp ein utstyrsbank for utleie til besøkjande i området samt vere ein aktivitetsressurs for barn og unge i kommunen, i samband med kraftfondstyremøte den 2.desember 2019.

§ 6 Forvaltning c. Alle søkjarar til kraftfondet skal verta invitert til kraftfondsstyret (eller Kommunestyret) for å få presentert sin prosjekt/forretningsideen sin.

Fakta

Generelt for alle søknader i 2.tildelingsrunde 2019 kraftfondet, så vart det i kraftfondsbudsjettet 2019 avsett kr. 260.000 til næringstiltak/støtte til næringslivet, og kor 180.000 vart løyvd i samband med første tildelingsrunde, og rest utgjer såleis 80.000 – det er mottatt 4 søknader om tilskot med søknadsfrist 1.11.19, summert til kr. 327.649

Viser til søknad frå søkjar som følgjer som sakstilfang, og supplert med, [Omsøkte prosjekt gjeld kjøp av, for primært utleie \(med vårt gjestgiveri som utleieplattform\), en kano/kajakkhenger, samt 6 kajakkar, til å begynne med. En kajakkhenger kostar rett i overkant av 20.000,-, samt havkajakkar i](#)

plast kostar i området 7.000, som til saman vil utgjøre i området 62-65.000,-.

Relevante forhold saksa frå vedtekter for kraftfondet;

§ 2 Føremål Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale tiltak som tryggjer og aukar busetnaden i Masfjorden kommune. Prosjekt som har til føremål å betra vilkåra for sysselsetjing av ungdom og kvinner bør prioriterast. Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld eller til den daglege drifta av verksemder og kommunen. Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

§ 5 Vilkår for stønad Samla finansiering frå kraftfondet til private næringstiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt.

Relevante forhold saksa frå retningsliner for kraftfondet;

Til § 2 Føremål Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemder, fremja etablering av nye verksemder og å sikra og auka busetnaden i kommunen.

Eksempel på prosjekt som kan få stønad:

- **Investering i bedrifter** til dømes: utstyr, maskiner og bygningar ved oppstart og utviding av bedrifter.

Vurdering

Samla finansiering frå kraftfondet til private næringstiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt, og slik sett eit tilskot på mellom 15 og 16.000.

Søknadsrosjektet vil ikkje innebere nokon sysselsetjingsauke og ber preg av å vere i ein tidleg fase, og såleis ikkje heilt innafor føremål og hensikten med kraftfondet, og opp i mot liten pott til fordeling i 2.tildelingsrunde 2019, vil ein ikkje tilrå at det vert gitt tilskot til omsøkte prosjekt. Kommunen har tidlegare hatt liknadene søknader, utan at ein har gitt tilskot. Nokre andre forhold er og teke direkte opp med søkjar. Dersom ein opnar for tilskot til slike føremål, vil nok tal søknader til kraftfondet auke framover.

Konklusjon

Gamblebanken Manum & Bakken får ikkje tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte prosjekt

Kraftfondsstyret - 024/2019

KRFT - behandling:

Søker Jon Torstein Bakken presenterte deira søknad i Kraftfondsstyret 02.12.19.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

Gamblebanken Manum & Bakken får ikkje tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte prosjekt

